

# Reineskarvet



Der ved setra sluta vegen, stigen og bratta tok over. Og der låg skarvet, fleire mil med brattskrent, trehundremeterskrenten, steilt opp av ura, - ikkje til å tenkje på å kliva han. Men vegen var klar, - for der midt på, nett der stigen peika, rett i skrevet på Reineskarvet der spruta elva ut. Om ikkje det måtte vera vegen til den store hola? Den med veggane dekte med store kvartskrystallar og andre godsaker med.

Roleg no, roleg, ikkje beinfluy, straffa kan bli hard for ein gubbe som berre er i si nestbeste alder. Oppturen må ikkje verta til nedtur. Sjå deg ikring, menneske, ta med opplevingane undervegs.

Det er ein av dei gode dagane, blank augustmorgon, ikkje ei sky, godt over tjue gradar allereide, - stille.

Angen frå vier

og krekling pirrar, og dei mest gjenstridige snøfleckane skal døy, vil eg tru, sjølv om den fyrste flekken enno er fast og trygg. Han ber godt vekta mi, og hjelp meg kryssa elva rett


framfor skaret. Dette langsame titusen-årige øksehogget som delar Reineskarvet i to.

Stig på, seier dalen som ligg bakom. Dei store kampesteinane, sa noko anna, men det var ikkje alvor, for under dei gjekk faret. Opp og under og kring forbi, og litt småklatring med nærkontakt med titusener små kvartskrystall. Dei gav bod om at det eingong måtte ha vori overskott på nett hin materien i dette området. Men så var det det med å finna ein stad kvartsen hadde fått tid og rom til å laga seg til noko meir enn små gryn.

Og så opna han seg dalen, ikkje mektig og vid som i eventyret. Elva i bønn rimelegvis, ein kant attmed som knappast kan nemnast elvebreidd, bratte ura på bae sider, - og så steilt gråberg rett til himmels. Trong, men sola rakk ned no ved middagsleite. Ein god plass på jorda uansett, og sveitten dreiv.

Kvartsen, han måtte vera der oppe, - dei store. Om ikkje den blokka hadde ein annan lét enn dei andre, friskare, - og den ljose stripa på høgre sida med den runde svarte skuggen? Kva budde der, noko stort var det rimelegvis ikkje. Likevel opp, opp, gjennom bratte løse ura, ei tid stod eg på same flekken, beina gjekk og ura gjekk. Gjer landet flatt, - Steingrim ein naturleg lekk blant dei nedbrytande kreftene. Moro, det her. Og kjapp var eg, fram med hammar og meisel, dreiv til blokka, og gav meg ikkje før han låg i 20-30 bitar.

Smådruser heile vegen, kvarts inntil to og adularar til ein centimeter. Svære greier, i



nauda et fanden fluger, - eg tykte eg hadde grunn til å feira med ein dusj under den forstøva fjellbekken, passe kjølande i denne bakaromnen. Så tid for eit lite høgtidsamt måltid på ei hylle nokre meter bortanfor.


Eg må ha somna eit tak, ikkje veit eg kva som vekte meg. Ei stund må eg ha vori i draumelandet for jorda hadde nok dreid seg ein biten. Sola var ikkje nett der eg venta å finna ho. Men eg var no på same plassen og stuffane låg framleis der og gapte. Ned i sekken med steinane Så ein dansande nedtur, som endte opp ved teltet attmed vegen, bortenfor setra, ved siden av elva, nedanfor skrevet, innanfor drusa eg ikkje fann. Men lufta var som fløyel, - og han snåvar ikkje som har fullmånen, denne daude stein-klumpen som sit klistra til jorda, til å ljosa opp vegen.

Steinane - minerala syntes eg sjølsagt var fine. Men eg veit det må vera betre i nærleiken, - ein annan gong kanskje?

Det eg minnst best er no likevel dei fine, tapre blomane, dei stod bak ei svær blokk, ikkje trygge, men noko skydde og hegna mot ras. Dei sa, så tydeleg dei kunne, blått og bydande:

Ikkje gløym meg, - og ikkje meg og ikkje meg, - og vegen din og deg sjølv! Med overtyding kviskra dei svakt: - Du og vi er målet, kvartsen og adularen og det vesle som er av kalkspat, - er vegen.

- Liv av daude gror.



*Steingrim Nuten*